



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 26/2021 Møtedato: 15.6.2021 Møtestad: Slidretun Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## **S992 og S735, Bukono - overføring av stølsjorde**

Magne Gardshaug på G/Bnr 69/2 med støl 94/1/1107 ønsker å overføre stølsjorde S992 og S753 i Bukono over til G/Bnr 64/3 med støl 94/1/716 – tilhøyrande Trine Vistemyren.

Det er ikkje stølsbygningar på tilleggsjorda, og jorda har vore brukt til fôrproduksjon. Jorda er halde hevd, og har difor ikkje falt i det fri.

Både den som avgir tilleggsjorda – Garshaug, og den som overtek – Vistemyren driv begge aktivt med jordbruk. Vistemyren driv og med mjølkekyr, og er ein av dei næraste aktive gardane slik at dette er ei rasjonell overføring.

Landbruksavdelinga i kommunen tilrår søknaden, jf. telefonsamtale 15.06.2021, som bekreftes med epost.

*Fjellova § 20: Seter i statsallmenning kan med samtykkje frå fjellstyret overførast til bruk for ein annan eigedom som har rett til seter i allmenningen.*

*Utvist tilleggsjord kan med samtykke frå departementet overførast til bruk for ein annan eigedom med beiterett i allmenningen. Utvising av tilleggsjord er delegert fjellstyret jf. §20 i stølsforskrift.*

*Stølsforskrift §20. Utvising av tilleggsjord og sakshandsaming*

*Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan - anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar - få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ein driftsplan.*

*Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.*

*Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking. Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.*

*Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.*

*Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.*

*Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.*

Sidan dette er areal som alt er teke i bruk og gjerda inn, treng ikkje søknad sendast til uttale jf. andre avsnitt i §20 i stølsforskrift.

### **Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret vedtek etter §20 i stølsforskrift/Fjelloven § 20, 2.ledd å overføre stølsjordene S992 og S735 som tilleggsareal til S716.

Administrasjonen får fullmakt til å avgrense stølsjordet S735 slik at naustet vert liggande utanfor stølsjordet.

### **Vedtak:**

Fjellstyret vedtek etter §20 i stølsforskrift/Fjelloven § 20, 2.ledd å overføre stølsjordene S992 og S735 som tilleggsareal til S716.

Administrasjonen får fullmakt til å avgrense stølsjordet S735 slik at naustet vert liggande utanfor stølsjordet.

*Generelle reglar om fjellstyrevedtak:*

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.*

*Byggeløyver er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden, alternativt at det sendt byggemelding for bygg som berre krev meldeplikt. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.*

*I følge §28 i forvaltningsloven kan enkelvedtak/forskrift klagast over og forvaltningslova sine reglar er gjort gjeldande for fjellstyret si saksbehandling etter fjellova, jf. §10 i fjellova . Etter forvaltningslova § 2 fyrste ledd bokstav a er «vedtak» definert som «en avgjørelse som treffes under utøving av offentlig myndighet og som generelt eller konkret er bestemmende for rettigheter eller plikter til private personer (enkeltpersoner eller andre private rettssubjekter)». Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 21.06.2021

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar  
Statskog  
Vestre Slidre kommune